



Voss 7°
Vêret frå yr.no



MENY



SØK

Nyhende

Voss

Ulvik

Granvin

Vaksdal

Modalen

Eidfjord

Ullensvang

Nynorsk pressekontor



Heidra for nyskaping

Hardanger Saft- og Siderfabrikk AS i Ulvik har vunne NHO Hordaland sin «Nyskappingspris» for i år. Prisvinnaren vert samstundes regionen sin kandidat til den nasjonale «Nyskappingsprisen 2012».

Frode Myhra Gjerald

Publisert 09.08.2012 kl. 18.09. Oppdatert kl. 18.32.

– Prisen er ein viktig del av NHO sitt arbeid med å gjera nyskapingsevna i næringslivet synleg. Målet er å visa at det finst gode, kreative bedrifter i heile landet, seier regiondirektør Tom Knudsen i NHO Hordaland.

Verksemda, som vart stifta i 2004, har som forretningside å utvikla nye produkt basert på eigne råvarer. Sidan oppstarten har produksjon av saft og sider vore ein svært viktig del av drifta på gården.

Tom Knudsen slår fast at Hardanger Saft- og Siderfabrikk AS er eit svært viktig bidrag til auka aktivitet i ein region som elles har hatt ei mykje svakare utvikling enn resten av fylket.

– Både arbeidsplassane, foredling av lokale råvarer, og ikkje minst tilbodet til reiselivsnæringa er av svært stor verdi for både Ulvik og resten av Hardangerregionen, meiner NHO.

– Nyskappingsprisen skal setja pris på personleg initiativ og samstundes skapa auka interesse og merksemd i samfunnet for nyskaping og etablering av nye bedrifter. Dette formålet er til fulle

oppfylt av Nils J. Lekve gjennom Hardanger Saft- og Siderfabrikk AS, seier regiondirektør Tom Knudsen.